



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 07.07.2016

Vår ref.: 2016/3710-43

Saksbehandlar: anethom

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Vi viser til søknaden dykker om driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar våren 2016.

Dykker organisasjon vert tildelt «TS\_INNVILGET» kroner i driftsstønad for 2016. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt (sjå side 2). Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 19.januar 2016 nye retningsliner for *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* (sak 2015/898-144) og at desse ville gjelde frå og med 2016. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å fordele tilskotsmidlane etter desse retningslinene. Søknad om dispensasjon vart vedteke til å leggjast fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling til handsaming før fylkesrådmannen gjennomfører kvantitativ fordeling av tilskotsmidlane.

Fylkesrådmannen legg fram fordelinga over driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar for 2016 fram som melding i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 14.09.16.

### Fordeling 2016

Ved søknadsfrist 1.mai var det komne inn 27 søknadar til vurdering, der 3 organisasjonar søkte om dispensasjon. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 9.juni 2016 (sak 2016/3710-39) å løyve dispensasjon til desse organisasjonane, slik at dei vert inkludert i fordelinga av tilskotsmidlane til ordninga *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* i 2016.

1 organisasjon vert gitt avslag jf. retningsline 4F: *Dersom organisasjonen har fleire enn eitt regionalledd i Hordaland, vil det vere øvste ledet i Hordaland som er rett mottakar av driftstilskotet.*

Det står såleis att 26 søknadar til fordeling. For 2016 er den totale fordelingssummen på 1 000 000 kroner.

### Berekning av driftstilskot

Bergen og Hordaland Turlag er ikkje teken med i utrekninga. Skulle ein nytta denne, ville dei fått meir enn 10% av den totale fordelingssummen. Ut frå regelverket kan ein organisasjon ikkje tildelast meir enn 10% av den totale fordelingssummen, som i dag er på 1 000 000 kroner. Bergen og Hordaland Turlag får tildelt 100 000 kroner. Denne summen vert først tatt ut av delutrekninga, for deretter å bli teken inn igjen i totalutrekninga og såleis totalfordelinga.

Driftstilskotet vert rekna ut frå følgjande syv faktorar til godkjente søkerar:

- 1. Grunnstønad:** 5000 kroner per organisasjon  
*Til saman vert 125 000 kroner fordelt til organisasjonane.*
- 2. 20 %** i forhold til kor mange kommunar i Hordaland organisasjonen har medlemmer frå.  
*Til saman vert 155 000 kroner fordelt til organisasjonane.*
- 3. 40 %** i forhold til organisasjonens samla tal på teljande medlemmer i Hordaland  
*Til saman vert 310 000 kroner fordelt til organisasjonane.*
- 4. 20 %** i forhold til tal på kommunar organisasjonen har aktivitetar  
*Til saman vert 155 000 kroner fordelt til organisasjonane.*

#### **Ekstra stimulans i samsvar med føremålet for ordninga:**

Organisasjonar som oppnår målsetjinga med likestilling og som arbeider aktivt for rekruttering og medverknad av barn og ungdom til organisasjonslivet vil oppleve ein ekstra stimulans etter nemnte faktorar;

- 5. 5 %** til organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret.  
*For 2016 er det 10 organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret.*  
*Til saman vert 38 750 kroner fordelt til organisasjonane.*
- 6. 5 %** til organisasjonar der medlemmer under 26 år er representert i hovudstyret.  
*For 2016 er det 20 organisasjonar som har medlemer under 26 år representert i hovudstyret.*
- 7. 10 %** der teljande medlemmer utgjer minimum 50 % av det totale tal på medlemmer i organisasjonen.  
*Til saman vert 77 500 kroner fordelt til organisasjonane*

#### **Total fordeling:**

	<b>Søkjar</b>	<b>SUM</b>
1	4H Hordaland	<b>43 706</b>
2	Arbeidernes Ungdomsfylking i Hordaland	<b>46 380</b>
3	Bergen og Hordaland turlag	<b>100 000</b>
4	Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM	<b>57 577</b>
5	CISV Hordaland fylkeslag	<b>29 945</b>
6	De Unges Orkesterforbund i Hordaland (UNOF Hordaland)	<b>21 630</b>
7	Frelsesarmeens barn og ungd, vestre divisjon	<b>21 484</b>
8	Haugaland KFUK-KFUM-speidrarar	<b>18 320</b>
9	Haugaland krets Norges KFUK KFUM	<b>20 116</b>
10	Hordaland barne og ungdomssjakkrets	<b>15 554</b>
11	Hordaland RØDE KORS ungdom	<b>66 446</b>
12	Hordaland Sosialistisk Ungdom	<b>21 970</b>
13	Hordaland Ungdomslag	<b>36 440</b>
14	Hyperion Vest	<b>59 181</b>
15	Indremisjonssamskipnaden	<b>38 477</b>

16	Junior og barneorganisasjonen Juba Hordaland krets	<b>12 111</b>
17	KRIK Hordaland	<b>66 143</b>
18	NKSS Region Vest	<b>27 917</b>
19	NMS U Region Bjørgvin	<b>25 472</b>
20	Norges Jeger og Fiskerforbund - Hordaland	<b>50 659</b>
21	Ryvarden krets av NSF	<b>19 289</b>
22	Søndagsskolen Karmsund-Sunnhordland krins	<b>24 279</b>
23	Søndagsskolen Bergen krets	<b>40 077</b>
24	Ung i kor - vest	<b>31 695</b>
25	Ung Kyrkjesong, Bjørgvin	<b>45 672</b>
26	Ungdomsutvalget i Hordakretsen Det frivillige Skyttervesen	<b>59 460</b>
	<b>DELSUM</b>	<b>1 000 000</b>

### Utbetaling

#### **NB: Krav om elektronisk faktura i EHF-format fra 1.januar 2015.**

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedteke. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektronisk faktura og kreditnota på standardformatet EHF fra 1.januar 2015.

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For tilskotsmottakarar utan organisasjonsnummer samt enkeltmannsføretak, vert utbetaling som tidlegare.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.

For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via forbruksportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

*Lenke til fakturaportal:* [Basware](#)

*Lenke til brukarrettleiring:* [Brukarrettleiring til fakturaportal](#)

Saksnummer: 2016/3710

Ressursnummer: 400009

Beløpet vil bli utbetalta når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og resursnummer. Tilskot som ikkje er krevd utbetalta innan utgangen av dette år kan falle bort.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalta beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalta tilskot skal betalast attende snarast.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen organisasjonen tok i mot melding om fordelinga. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka Klage – saksnummer. Klagen må innehalde opplysningar om kva det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

**Kontroll**

Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av oppgjevne medlemstal. Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekke all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

Ronny Skaar  
fung. fylkesdirektør, kultur, idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg 1: Retningslinjer

Vedlegg 2: Fordeling 2016 med delsum

Vedlegg

- 1 Fordeling
- 2 Retningslinjer driftsstønad barn - ungdomsinstitusjonar